

Kontrollutvalet i Luster kommune

Møtebok

Møtedato: 9.2.2021

Møtetid: Kl. 12.00 - 14.10

Møtestad: Kommunestyresalen, Rådhuset

Saksnr.: 01/2021 - 05/2021

Følgjande medlem møtte	Parti
Anders Bolstad, leiar	AP
Ernst Veum	H, KrF, FrP
Anne Lise Haukadal	SP

Forfall meldt frå følgjande medl.	Parti	Følgjande varamedlem møtte	Parti
Kjetil Melheim	V	Steinar Bruheim (2. vara)	V
Vivian Kvam	AP	Forfall meldt ved møtestart, vara ikkje innkalla	

Ugilde	Sak	Følgjande varamedlem møtte

Møteleiar:	Anders Bolstad
Frå sekretariatet møtte:	Linn Terese Engvik, PwC
Frå administrasjonen og politisk leiing møtte:	Rådmann Jarle Skartun (sak 02/21 og delar av 04/21)
Frå revisjonen møtte:	
Dokument utlevert i møtet:	
Synfaring:	
Merknader:	

Underskrifter:

Møtebok kontrollutvalet i Luster Kommune

SAKLISTE

1/2021	Godkjenning av møtebok
2/2021	Drøftingssaker, skriv og meldingar
3/2021	Årsmelding for kontrollutvalet 2020
4/2021	Melding frå Trygve Engesæter
5/2021	Forvaltningsrevisjon 2021

Sak 01/2021 Godkjenning av møteprotokoll

Sakshandsamar	Møtedato	Saknr
Linn Terese Engvik	09.02.2021	01/2021

KONTROLLUTVALSSEKRETARIATET SI INNSTILLING:

Møteprotokollen frå møte 03.12.2020 vert godkjent.

09.02.2021 KONTROLLUTVALET

Sak 01/21 VEDTAK

Møteprotokollen frå møte 03.12.2020 vert godkjent.

Samrøystes.

Møtebok kontrollutvalet i Luster Kommune

Sak 02/2021 Drøftingssaker, skriv og meldingar

Sakshandsamar Linn Terese Engvik	Møtedato 09.02.2021	Saknr 02/2021
--	-------------------------------	-------------------------

KONTROLLUTVALSSEKRETARIATET SI INNSTILLING:

Kontrollutvalet tek orienteringar, skriv og meldingar til vitande.

VEDLEGG

Vedlegg Nr.	Dok. dato	Avsendar	Tittel
1	4.12.2020	AMU	a) Heiltidskultur Luster kommune - kartlegging av fast deltidstilsette som ynskjer auka stillingsprosent b) møteprotokoll AMU sak 20/20
2	21.12.2020	Luster kommune	Melding om politisk behandling - Forvaltningsrevisjon SIMAS IKS
3	10.1.2021	Rådmann	Økonomiplan og planleggingsprogram 2021-24. Budsjett 2021. Tilbakemelding til kontrollutvalet.
4	1.2.2021	Sekretariatet	Oversikt over vedteke budsjett sett opp mot kontrollutvalet sitt budsjettframlegg
5	12.1.2021	Vestland Revisjon KO	Vurdering av uavhengigheit Luster kommune 2021
6		Forum for Kontroll og Tilsyn	Fagkonferanse og årsmøte 2021

9.2.2021 KONTROLLUTVALET

Orienteringssaker:

Rådmannen gav ei orientering om:

- Status ift. heiltidskultur i Luster kommune, jf. vedlegg 1 a) og b)
- Pågåande digitaliseringsarbeid innan arkivfunksjonen
- Status ift. årsoppgjeret. Per no ser resultatet ut til å bli eit mindre underskot i 2020, men situasjonen er vesentleg betre enn det ein frykta i august/september 2020. Sidan den gong har det vore ei utvikling særleg på to område; pensjonskostnadane er lågare enn budsjettert, og aksjefonda har hatt ei stor vekst (verdiauke på ca. MNOK 8 i rekneskapen mot ca. MNOK 3 i budsjettet). Covid-19 situasjonen har også medført lågare kostnader til reising mv. Kommunen gjekk i tap på sal av konsesjonskraft i 2020, men dei to første månadane i 2021 vil gi gode resultat.

Møtebok kontrollutvalet i Luster Kommune

- Status ift. Covid-19 og vaksinerings: Det har vore lite smitte i kommunen, og ein opplever å ha god kontroll. Inneverande veke vil alle bebuarar på omsorgssentera som ønskjer vaksine vere fullvaksinerte, og nær alle over 85 år samt ein del helsepersonell vil ha fått ein dose. Både testing og vaksinerings fungerer godt. Det er tilgangen på vaksinedoser, og ikkje kapasiteten i kommunen, det står på mtp. vaksinerings framover.

Kontrollutvalet fekk høve til å stille spørsmål til rådmannen.

Kontrollutvalet drøfta også spørsmålet om kor vidt kommunen skal nytte opsjonen som ligg i avtalen om sekretariatsfunksjon for kontrollutvalet med PwC, som gir høve til å forlengje avtalen i to år frå 1.6.2021. Sekretariatet forlét møtet under desse drøftingane. Kontrollutvalet gjekk inn for å nytte opsjonen.

Drøftingssaker:

Kontrollutvalet drøfta deltaking på fagkonferanse/årsmøte, Forum for Kontroll og Tilsyn 1.-2. juni 2021. Det er p.t. uavklart om det blir fysisk eller digital konferanse, og kontrollutvalet ønskjer å avvente utviklinga kring dette før ein tek stilling til eventuell deltaking.

Sak 02/21 VEDTAK:

Kontrollutvalet ønskjer å få ei oversikt over kommunen sine utgifter til reise mv. i eit “normalår”, kontra slike utgifter i Covid-19 året 2020.

Sekretariatet følgjer opp spørsmålet om deltaking på konferanse når påmeldingsfristen nærmar seg.

Orienteringar, skriv og meldingar vert elles teke til vitande.

Samrøystes.

Møtebok kontrollutvalet i Luster Kommune

Sak 03/2021 Årsmelding for kontrollutvalet 2020

Sakshandsamar Linn Terese Engvik	Møtedato 09.02.2021	Saknr 03/2021
--	-------------------------------	-------------------------

VEDLEGG:

Nr.	Dok. Dato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	1.2.2021	Sekretariatet	Utkast: Årsmelding for kontrollutvalet 2020

KONTROLLUTVALSSEKRETARIATET SI INNSTILLING:

Kontrollutvalet vedtek vedlagde årsmelding for 2020, med eventuelle korrigeringer som kjem i møtet. Årsmeldinga vert sendt til kommunestyret til orientering.

09.02.2021 KONTROLLUTVALET

Kontrollutvalet gjekk gjennom utkast til årsmelding, og det kom ingen innspel til endringar.

Sak 03/21 VEDTAK:

Kontrollutvalet vedtek vedlagde årsmelding for 2020. Årsmeldinga vert sendt til kommunestyret til orientering.

Samrøystes.

Møtebok kontrollutvalet i Luster Kommune

Sak 04/2021 Melding frå Trygve Engesæter

Sakshandsamar Linn Terese Engvik	Møtedato 09.02.2021	Saknr 04/2021
--	-------------------------------	-------------------------

KONTROLLUTVALSSEKRETARIATET SI INNSTILLING:

Kontrollutvalet fattar vedtak i tråd med forslag frå sekretariatet som vart lagt fram i møtet 3.12.2020, med eventuelle justeringar i møtet.

Nr.	Dok. Dato	Avsendar/Mottakar	Tittel
1	18.-19.12. 2020	Engesæter/Bolstad	E-post korrespondanse Engesæter - Bolstad
2	18.12.2020	Trygve Engesæter	Tilsvar til kontrollutvalet sak 16/2020 (vedlegget vart ettersendt til kontrollutvalet 2.2.2021)

09.02.2021 KONTROLLUTVALET

Rådmann var til stades under første del av handsaminga av saka, og oppsummerte kort kommunen sitt syn på saka, jf. også tidlegare skriftleg utgreiing. Det vart vist til at kommunen innvilga Engesæter sin dispensasjonssøknad, men at fylkesmannen meinte det ikkje var grunnlag for dispensasjon. Dette vart også utfallet etter klageomgang. Etter kommunen sitt syn kunne søknaden ikkje innvilgast utan dispensasjonshandsaming, slik regelverket er.

Rådmannen forlèt deretter møtet, og kontrollutvalet drøfta saka i lys av dokumentasjonen og informasjonen som er motteke frå Engesæter og kommunen, herunder Engesæter sitt tilsvar datert 18.12.20.

Sak 04/21 VEDTAK:

Kontrollutvalet fatta følgjande vedtak i saka:

“Kontrollutvalet har gjennomgått meldinga/klagen frå Engesæter, den skriftlege utgreiinga frå rådmannen, og etterfølgjande tilsvar frå Engesæter. Saka er kompleks, reiser mange problemstillingar og anførsalar, og omhandlar reguleringsendringar tilbake i tid.

I klagen er det påstått at den kommunale forvaltninga nyttar “ukorrekte plandokument i forvaltningssaker”. Meldinga omhandlar likevel berre ei einskild sak; Engesæter sin tiltakssøknad om å bygge ilandstigingsbrygge ved naust i Solvorn. Kontrollutvalet presiserer at utvalet ikkje er klageorgan for einskildsaker. Kontrollutvalet finn at dersom ein skulle ta stilling til meir generelle anførsalar om “bruk av ukorrekte plandokument i forvaltningssaker” mv., ville dette krevje ei grundig og ekstern undersøking av planeininga.

Kontrollutvalet oppfattar at Engesæter meiner han skulle ha fått løyve utan å søke dispensasjon, medan kommunen er av den oppfatning at dispensasjonshandsaming var

Møtebok kontrollutvalet i Luster Kommune

naudsynt, jf. endringar i regelverket. Kommunen gav dispensasjon, men fylkesmannen meinte - også etter klagehandsaming - at det ikkje var grunnlag for dispensasjon.

Kontrollutvalet meiner ein så langt råd bør tilstrebe å finne ei løysing i saka, og vil oppmode til at kommunen går i dialog med Engesæter, og får innhenta ei uhilda tredjepartsvurdering.

I rådmannen si skriftlege utgreiing går det fram at det ved digitaliseringa av reguleringsplanane har skjedd ein teiknefeil, som har medført feil reguleringsføremål i det digitale reguleringskartet. Rådmannen vurderer at feilen ikkje har innverka på resultatet av tiltakssøknaden, i det plan og bygningslova uansett krev dispensasjonshandsaming.

Kontrollutvalet legg til grunn at feil i det digitale reguleringskartet vil bli retta opp så snart som råd, og legg til generelt grunn at den kommunale forvaltninga treff dei tiltak som er naudsynte for å sikre at det generelt ikkje førekjem feil i dei digitale reguleringskarta. Kontrollutvalet ber om å bli orientert når feilen er retta.

Vedtak i saka skal sendast til Engesæter.”

Samrøystes.

Møtebok kontrollutvalet i Luster Kommune

Sak 05/2021 Forvaltningsrevisjon 2021

Sakshandsamar
Linn Terese Engvik

Møtedato
09.02.2021

Saknr
05/2021

VEDLEGG:

Nr.	Dok. Dato	Avsendar/Mottakar	Tittel
1	15.09.2020	Sekretariatet	Plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll
2	15.09.2020	Sekretariatet	Risiko og vesentlegheitsvurdering

KONTROLLUTVALSSEKRETARIATET SI INNSTILLING:

Saka vert lagt fram utan tilråding men for drøfting i kontrollutvalet.

09.02.2021 KONTROLLUTVALET

Sekretariatet orienterte om dialog med Vestland Revisjon KO kring bestilling av forvaltningsrevisjonsprosjekt.

Kontrollutvalet drøfta val av forvaltningsrevisjonsprosjekt, og nærare spesifisering av problemstilling. Herunder drøfta kontrollutvalet innspel om omprioritering av tema nr 1 og 2 i plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll.

Sak 05/21 VEDTAK:

Kontrollutvalet vedtek å gjennomføre forvaltningsrevisjon med tema Spesialundervisning og tidleg innsats i 2021, med problemstillingar/ moment som skildra i risiko- og vesentlegheitsvurderinga.

Dette inneber ei omprioritering av tema nr 1 og 2 i plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll. Kontrollutvalet er framleis av den oppfatning at det i perioden bør gjennomførast forvaltningsrevisjon innan arkivfunksjonen, opphavleg prioritert som område nr 1. Grunna pågåande digitaliseringsarbeid mv. i arkivfunksjonen ser kontrollutvalet likevel at det kan vere naturleg å avvente ein forvaltningsrevisjon på dette området noko. Ein vel difor Spesialundervisning og tidleg innsats som tema for forvaltningsrevisjon 2021.

Sekretariatet sender bestilling til forvaltningsrevisor (Vestland Revisjon KO), og ber om at forvaltningsrevisor utarbeider utkast til prosjektplan som leggst fram i neste møte.

Samrøystes.